

Sak 12 – 16/17 i Avdelingsråd AL ved HiB 06.12.16.

Høyring – leing og fagleg organisering

- [Høyringsbrev](#)
- [Høyringsnotat prosjektrapport leing og fagleg organisering](#)
- Vedlegg 4: Mal for høyringssvar

I denne saka diskuterte rådet seg gjennom dei ulike nivåa som er føreslått, i tillegg til ein diskusjon om råds- og utvalsstruktur.

Nivå 1

Det er to modellar med tre prorektorar. I den eine modellen er også to direktørar tenkt inn. Her var rådet ikkje heilt samstemte. Nokre meinte at det er ein fordel at ikkje direktørar er på øvste nivå, då dei blir for langt vekk frå det som skjer i organisasjonen. Andre såg det som naturleg at direktørar med ansvar for type økonomi og personal er på øvste nivå.

Felles for rådet var ei oppfatning av at det bør vere minst mogleg topptung leing. Alternativ A er slik sett det beste.

Nivå 2

Her handla det om profesjon vs. kunnskapsområde. Fleire var inne på at i ein høgskule som har eit mål om å bli profesjonsuniversitet, så bør nivå 2 vere organisert etter profesjonar. Fusjonsplattforma viser også til at det skal vere ein institusjon som ser arbeidslivsretta og profesjonsretta. Samtidig vart det vist til at kunnskapsmodellen er spennande, men det er eit spørsmål om institusjonen er moden for det. Eit forslag var at kunnskapsområda kan bli turnert av dei ulike sentra.

Eit fjerde fakultet var det få som var særleg interesserte i. Det handla om at det då blir tre store og eitt lite fakultet, der sistnemnde fort kan ha ein sterk konsentrasjon på ein studiestad. Denne lausringstanken er det fleire miljø som har. Det som også kan bli utfordrande med eit fjerde fakultet handlar om pengestraumen. Med fagmiljø inn i ei profesjonsutdanning frå eit anna fakultet, så må ein kjøpe inn tenester. Det begrensar handlingsrommet for fakultetet som tilbyr utdanninga.

Namn på fakultet?

Her kom det lett motstridande syn, då rådet var delt i om ein bør halde seg til korte namn, eller til eit av dei to forslaga. Rådsleiaren konkluderte med at fakultet bør organiserast etter profesjon og at det er ulike oppfatningar om kva namnet skal vere. Nokre ønskjer Fakultet for lærarutdanning (utan idrett og kulturfag) og andre ønskjer Læring og undervisning.

Nivå 3

Frå musikkseksjonen er det ønskjeleg med faginstittutt. Det vart peika på at punkt 4 og 5 delvis står i motsetningsforhold til kvarandre, då tilsette ofte er inne i ulike studieprogram, men at tilsette i hovudsak har eit fagleg fundament i arbeidet ein gjer.

Frå administrativt hald vart det vist til at den faglege identifiseringa er ei hindring for utdanningsidentifiseringa. Institutt knytt til utdanning kan ta vare på dette. Ei innvending til dette var at det er få fagmiljø som ønskjer ei oppsplitting.

Det vart i diskusjonen understreka at instituttnamn må vere kontekstuelte gjenkjennelege.

Korleis forme prinsippa? For lærarutdanninga er det viktig å ikkje låse seg til at det t.d. skal vere profesjonsbasert struktur på nivå 3. Då kan ein sørgje for at det kan vere ein open prosess om kva ein skal ende opp med. I utkastet låser ein premissane på ein uheldig måte.

Forskning er fråverande i prinsippa ein legg til grunn. Forskingsleiing, phd-arbeid, osv. må fram for å kome til ei god løysing.

Råds- og utvalsstruktur

Skal det vere styre eller råd på dei ulike nivåa? Korleis kan ein sikre god samhandling mellom så store einingar som det blir? Det var litt ulike syn på dette i rådet, samtidig så kom det fram at det viktigaste er å sørgje for at tilsette blir høyrde. Rådsstruktur er avhengig av gode mandat og det som ut frå eit ønskje om mindre topptung institusjon er det beste. Samtidig vil fordelene med styrestruktur vere at det blir ei meir tydeleg forankring av vedtak. Dette gjeld særleg dei tunge sakene.

Rådsstruktur rundt utdanningsprogram? Med faginstitt bør ein kunne tenke seg ein rådsstruktur rundt programma for å sikre fagleg samanheng i utdanningane.

Rådsleiaren konkluderte med at det er viktig å ha kollegiale organ på fakultetsnivå, instituttnivå og programnivå.